



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Møterom 1
Dato:	21.11.2016
Tid:	16:00 – 18:30

Medlemer som møtte:

Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Forfall:

Stig Arne Helsem Sævik	LEDER	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Joakim Eiksund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Leiv Aarflot	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre: Sekretær Ole Magne Rotevatn

I leiar Stig Arne Sævik sitt fråvær leia nestleiar Knut Johann Voldsund møtet.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Joakim Eiksund og Henry Jøsokbakke.

Skriv delt ut i møte: Brev frå Jensholmen Nord vedk. KN-sak 70/16.

Leiv Aarflot kom til møtet til sak 70/16.

Joakim Eiksund

underskrifter
Knut Johan Voldsund

Henry Jøsokbakke

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 63/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 64/16	Protokoll frå førre møte
PS 65/16	Referatsaker
PS 66/16	Fosnavåg kino, avslutning av digitaliseringsprosjektet
PS 67/16	Årsmelding og rekneskap Herøy frivilligsentral 2015
PS 68/16	Heid tursti - sluttrekneskap
PS 69/16	Fosnavåg nyskapingspark - søknad om RDA-midlar
PS 70/16	Søknad om RDA-midlar - Jensholmen Nord
PS 71/16	***** - søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 72/16	Statera - søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 73/16	Bryggen barberstue - søknad om støtte frå kommunal næringsfond
	Referatsaker
RS 7/16	Støtte til korps i Herøy - RDA
RS 8/16	Støtte til førsjulsball for psykisk utviklingshemma - RDA
RS 9/16	Støtte til senioruniversitetet - RDA
RS 10/16	K-sak 176/16. Særutskrift. Val av medlemer og varamedlemer til komite om kommunalt eigedomsselskap

PS 63/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 64/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 65/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker låg føre og vert tekne til vitande.

PS 66/16 FOSNAVÅG KINO, AVSLUTNING AV DIGITALISERINGSPROSJEKTET

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 21.11.2016

Kommunestyret vedtek innkjøp av backlineutstyr til Fosnavåg konserthus slik beskrive i saksframlegget og i fylgje vedlagte finansieringsoppsett.

PS 67/16 ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2015

Møtebehandling:

Saka vert utsett til møte i desember.

PS 68/16 HEID TURSTI - SLUTTREKNESKAP

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 21.11.2016

1. Sluttrekneskapen for Heid tursti vert godkjent med ein totalkostnad på kr. 3 853 063
2. Mindreforbruket på kr. 211 014 vert overført til «Heida Vel» og øyremarka til nye folkehelseiltak langs Heid tursti

PS 69/16 FOSNAVÅG NYSKAPINGSPARK - SØKNAD OM RDA-MIDLAR

Møtebehandling:

Komite for næring, kultur og idrett kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga i 1. avsnitt:
med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 21.11.2016

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot som dekkjer årsleige kr. 301.400,- eks.mva + arealet sin andel av fellesutgifter i Holmsild brygge fram til 31.12.2019 eller til kontraktsforholdet er avslutta med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført. Årsleigen vert justert etter konsumprisindeksen årleg. Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

PS 70/16 SØKNAD OM RDA-MIDLAR - JENSHOLMEN NORD

Møtebehandling:

Brev frå Jensholmen Nord vart lagt fram i møte.
Komite for næring, kultur og idrett kom med framlegg om slik ny tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 21.11.2016

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført. Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2018. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

PS 71/16 *** - SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND**

PS 72/16 STATERA - SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND

**PS 73/16 BRYGGEN BARBERSTUE - SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNAL
NÆRINGSFOND**

REFERATSAKER

RS 7/16 Støtte til korps i Herøy - RDA Støtte til korps i Herøy - RDA 11.11.2016 00:00:00

RS 8/16 Støtte til førsjulsball for psykisk utviklingshemma - RDA Støtte til førsjulsball for psykisk utviklingshemma - RDA 11.11.2016 00:00:00

RS 9/16 Støtte til senioruniversitetet - RDA Støtte til senioruniversitetet - RDA 11.11.2016 00:00:00

RS 10/16 K-sak 176/16. Særutskrift. Val av medlemmer og varamedlemmer til komite om kommunalt eiedomsselskap K-sak 176/16. Særutskrift. Val av medlemmer og varamedlemmer til komite om kommunalt eiedomsselskap 01.11.2016 00:00:00